

**VEDTEKTER
FOR
ØRSTA BRYGGE SAMEIGE**

Jf. vedtak i konstituerande sameigemøte 21.08.2008,
seinare endra 28.04.2011, 14.04.2015 og 25.04.2019.

Vedtatt i årsmøte
25.04.2019
med heimel i lov om eierseksjoner av
16. juni 2017 nr.65

1. NAMN OG FØREMÅL

Namnet til sameiget er Ørsta Brygge Sameige, gardsnummer 13, bruksnummer 21 i Ørsta kommune

Sameiget omfattar 57 bustadseksjonar og tre næringsseksjonar i samsvar med oppdelingskrav datert 10.10.2014.

Alle seksjonane skal vere medlem av sameiget, og seksjonane kan ikkje skiljast frå å delta i sameiget.

2. RÅDERETT OVER SEKSJONANE

2.1. Tomt og bygningar

Seksjonseigarane eig saman bygningar og tomt i eigarseksjonssameiget. Eigarane har einerett til å bruke ei bestemt brukseining i eigedom. Seksjonen kan ikkje skiljast ut frå sameiget. For kvar seksjon er det fastsett ein sameigebrøk som viser kor stor del av sameiget den enkelte seksjonseigaren eig.

Bustadseksjonane kan berre nyttast til bustadføremål, og slik at dette ikkje er til unødig eller urimeleg ulempe for brukarane av dei andre seksjonane.

Fellesareal er tomte og alle delar av bygningane som etter seksjoneringa ikkje høyrer til brukseiningane.

2.2. Å eige fleire bustadseksjonar

Ingen kan kjøpe eller på annan måte bli eigar av fleire enn to bustadseksjonar i eitt og same eigarseksjonssameige.

2.2.1. Eigarskiftegebyr

For arbeid knytt til eigarskifte skal sameiget ha eit vederlag på fire gonger rettsgebyret (4R) frå den som sel seksjonen.

2.3. Rettsleg disposisjonsrett for seksjonseigaren

Seksjonseigaren disponerer fritt over eigen seksjon med dei avgrensingane som følgjer av sameigeforholdet, eigarseksjonslova og desse vedtektene.

Seksjonseigaren kan fritt selje, pantsetje og leige ut sin eigen seksjon. Seksjonseigaren kan også leggje servituttar, forkjopsrettar eller andre løysingsrettar som hefte på seksjonen. Han kan også gjere andre rettslege disposisjonar over seksjonen

Styret i sameiget skal ha melding om alle overdragingar og leigeforhold.

Stat og kommune kan til saman gjere seg til eigar av inntil ti prosent, men likevel minst éin bustadseksjon. Reglane i eigarseksjonslova § 24 skal brukast.

2.4. Rett til å bruke brukseininga og fellesareal

Seksjonseigaren har einerett til å bruke si brukseining. Seksjonseigaren har også rett til å bruke fellesareala til slikt som dei er laga for eller vanlegvis blir brukte til, og til anna som er i samsvar med tida og forholda.

Dersom årsmøtet ikkje har gjort vedtak om bruken, avgjer styret korleis fellesareala skal brukast. Årsmøtet kan vedta og endre ordensreglar med vanleg fleirtal av dei avgitte stemmene. Seksjonseigarane pliktar å følgje dei ordensreglane som gjeld til kvar tid.

Ein seksjonseigar kan med samtykke frå styret leggje inn ladepunkt for el-bil og ladbare hybridar for eigen kostnad, knytt til ein parkeringsplass som seksjonen disponerer, eller andre stader som styret tilviser. Styret kan berre nekte å samtykkje dersom det ligg føre ein sakleg grunn.

Brukseininga og fellesareala må ikkje brukast slik at andre seksjonseigarar blir påførte skade eller ulempe på ein urimeleg eller unødig måte.

Brukseininga kan berre brukast i samsvar med føremålet. Ei endring av bruksføremålet krev reseksjonering.

Seksjonseigarar har einerett utan tidsavgrensing til buer og parkeringsplass/carport som dei har kjøpt.

2.5. Parkering og andre tiltak for seksjonseigarar med nedsett funksjonsevne

Ein seksjonseigar kan med samtykke frå styret gjennomføre tiltak på fellesareala som er nødvendige på grunn av nedsett funksjonsevne hos seksjonseigaren eller medlemmer av husstanden hans. Styret kan berre nekte å samtykkje dersom det ligg føre ein sakleg grunn.

2.6. Dyrehald

Dyrehald er tillate. Dyrehaldet må ikkje vere til sjenanse for dei som elles bruker eigedomen.

3. FELLESKOSTNADER

Kostnader med eigedomen som ikkje knyter seg til den enkelte brukseining/seksjon, er felleskostnader. Felleskostnader skal fordelast mellom seksjonseigarane etter sameigebrøken. Dersom særlege grunnar talar for det, kan kostnadene fordelast

etter nytten for den enkelte brukseininga eller etter forbruk.

For å dekkje sin del av felleskostnadene, skal kvar seksjonseigar betale ein akonto-sum som blir fastsett av styret, eller av seksjonseigarane på årsmøtet.

Dersom årsmøtet har vedtatt å setje av midlar til framtidig vedlikehald, påkostnader eller andre fellestiltak på eigedommen, kan akonto-summen også dekkje dette. Endring av akonto-summen skal varslast minst éin månad før iverksetjing.

4. PANTERETT FOR FORPLIKTINGANE TIL SEKSJONSEIGAREN

Dei andre seksjonseigarane har panterett i seksjonen for krav mot seksjonseigaren som følgjer av sameigeforholdet, jf. eigarseksjonslova § 31. For kvar brukseining kan pantekravet ikkje vere høgare enn to gonger det som er grunnbeløpet i folketrygda på det tidspunktet ein vedtar å gjennomføre tvangsdekking.

Panteretten gjeld også krav som skulle vore betalt etter at det har kome inn krav til namsmannen om tvangsdekking.

5. VEDLIKEHALD

5.1. Plikt til å halde brukseininga ved like

Seksjonseigaren skal halde brukseininga ved like slik at det ikkje kjem skade på fellesareala og andre brukseiningar, og slik at dei andre seksjonseigarane slepp ulemper. Vedlikehaldsplikta gjeld også eventuelle tilleggsdelar til brukseininga.

Seksjonseigaren har såleis plikt til å halde ved like slikt som

- a) inventar
- b) utstyr, som vassklosett, varmtvasstank, badekar og vaskar.
- c) apparat, t.d. brannsløkkingsapparat
- d) skap, benker, innvendige dører med karmar
- e) listverk, skiljeveggar, tapet
- f) golvbelegg, varmekablar, membran og sluk
- g) vegg-, golv- og himlingsplater
- h) rør, leidningar, sikringsskap frå og med første hovudsikring eller inntakssikring
- i) vindauge og ytterdører

Seksjonseigaren skal halde våtrom ved like så det ikkje oppstår lekkasjar.

Seksjonseigaren skal reinse sluk og halde avløpsrør opne fram til fellesleidninga. Dette gjeld også sluk på balkong eller liknande som ligg til brukseininga.

Vedlikehaldsplikta gjeld også nødvendig reparasjon og utskifting av det som er nemnt i andre, tredje og fjerde leddet, men ikkje utskifting av sluk, vindauge og ytterdører.

Vedlikehaldsplikta gjeld ikkje reparasjon eller utskifting av tak, bjelkelag, berande veggkonstruksjonar og rør eller leidningar som er bygde inn i berande konstruksjonar.

Vedlikehaldsplikta gjeld innvendige vass- og avløpsleidningar så langt dei er synlege

i eller lett tilgjengelege frå brukseininga. Plikta gjeld ikkje dersom dei er bygde inn i etasjeskiljarar og andre berande konstruksjonar, eller viss dei også blir nytta av andre brukseiningar. Innkassing og andre hindringar som er utførte av noverande eller tidlegare sameigar, frittek ikkje for vedlikehaldsplikt.

Vedlikehaldsplikta gjeld også utbetring av tilfeldige skadar, til dømes skadar som kjem av uvêr, innbrot eller hærverk.

Seksjonseigaren er ansvarleg for at brukseininga er utstyrt med påbode brannvernustyr, at det fungerer og er i føreskriven stand.

Sameigaren er ansvarleg for å halde brukseininga oppvarma, slik at rør ikkje frys.

Etter eit eigarskifte har den nye seksjonseigaren plikt til å utføre vedlikehald, inkludert reparasjonar og utskifting, etter denne føresegna. Denne plikta gjeld jamvel om vedlikehaldet skulle ha vore gjort av den tidlegare seksjonseigaren.

Ein seksjonseigar som ikkje oppfyller vedlikehaldsplikta si, skal erstatte tap som andre seksjonseigarar får av det, jf. eigarseksjonslova § 34.

Skadar som ein seksjonseigar er erstatningsansvarleg for, skal betalast over hans forsikring så langt den rekk, inkludert mogeleg eigendel, før ein bruker forsikringa til sameiget. Dersom ein bruker forsikringa til sameiget, skal den som er erstatningsansvarleg, betale eigendelen på forsikringa. Regelen gjeld også når skaden har si årsak i nokon i husstanden til seksjonseigaren eller nokon som han har gitt tilgjenge til eignedomen eller overlata seksjonen sin til.

5.2. Plikta som sameiget har til å vedlikehalde og utbetre fellesareal m.m.

Sameiget skal halde utvendige og innvendige fellesareal, inkludert bygningane og felles installasjonar, forsvarleg ved like. Vedlikehaldet skal gjerast slik at ein førebyggjer skadar på fellesareala og dei enkelte brukseiningane, og slik at seksjonseigarane slepp ulemper. Vedlikehaldsplikta gjeld alt som ikkje kjem inn under vedlikehaldsplikta til den enkelte seksjonseigaren etter 5.1. Vedlikehaldsplikta gjeld også reparasjon og utskifting når det er nødvendig, og utbetring av tilfeldige skadar.

Vedlikehaldsplikta gjeld også felles installasjonar som går gjennom fleire brukseiningar, slik som rør, leidningar og kanalar. Sameiget har rett til å føre nye slike installasjonar gjennom brukseiningane dersom det ikkje fører til vesentleg ulempe for den aktuelle seksjonseigaren. Seksjonseigaren skal gi sameiget tilgjenge til brukseininga for å vedlikehalde, installere og kontrollere installasjonar som nemnt i første og andre punktumet. Kontroll og arbeid i brukseiningane skal varslast i rimeleg tid og gjennomførast slik at det ikkje fører til unødige ulemper for seksjonseigaren eller andre brukarar.

Dersom sameiget ikkje oppfyller vedlikehaldsplikta si, skal det erstatte tap som seksjonseigarane får av dette ved skadar på brukseiningane, jf. eigarseksjonslova § 35.

5.3. Utbetringar og endringar på bygningane

Utskifting av vindauge og ytterdører, oppsetjing av markiser, endring av fasadekledning, endring av utvendige fargar eller liknande skal gjerast etter ein samla plan som årsmøtet har vedtatt. Skal slikt arbeid utførast av seksjonseigarane sjølve, må det berre gjerast etter at styret på førehand har godkjent det.

Før årsmøtet har gitt samtykke, må ein ikkje setje i gang med tilbygg, påbygg og andre endringar av bygningane som krev slikt samtykke etter punkt 7.10 i vedtektene og etter eigarseksjonslova. Dette gjeld også om offentleg bygningsmakt har gitt løyve til å setje i gang. Før ein kan sende søknad eller byggjemelding til offentlege etatar, må godkjenning frå styret ligge føre.

6. MISLEGHALD

6.1. Pålegg om å selje seksjonen

Dersom ein seksjonseigar trass i skriftleg åtvaring mislegheld pliktene sine på vesentleg måte, kan styret gi vedkomande påbod om å selje seksjonen, jf. eigarseksjonslova § 38. Åtvaringa skal opplyse om at vesentleg misleghald gir styret rett til å krevje at seksjonen blir seld.

6.2. Fråviking av brukseininga (utkastning)

Dersom åtferda til seksjonseigaren fører til fare for øydelegging eller vesentleg verditap av eignedomen, eller åtferda er til alvorleg plage eller sjenanse for dei andre brukarane av eignedomen, kan styret krevje fråviking av brukseininga etter tvangsfullbyrdslova kapittel 13, jf. eigarseksjonslova § 39

7. ÅRSMØTET

7.1. Myndet til årsmøtet. Mindretalsvern.

Årsmøtet er øvste styresmakta i sameiget. Eit fleirtal på årsmøtet kan ikkje gjere vedtak som kan gi nokre seksjonseigarar eller utanforståande ein urimeleg fordel som går ut over andre seksjonseigarar.

7.2 Ordinært årsmøte

Ordinært årsmøte skal haldast kvart år før utgangen av juni. Styret skal på førehand varsle seksjonseigarane om dato for møtet og om siste frist for å levere inn saker som ein vil at årsmøtet skal behandle.

7.3. Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte skal haldast når styret finn det nødvendig eller når minst to seksjonseigarar krev det. Dei må ha minst ti prosent av stemmene til saman, og dei må samstundes opplyse om kva saker dei vil at møtet skal behandle.

7.4. Innkalling til årsmøte

Styret kallar inn til årsmøtet med eit varsel som skal vere på minst åtte og høgst tjuo dagar. Til ekstraordinært årsmøte kan styret om nødvendig kalle inn med kortare varsel, men minst tre dagar.

Innkallinga skal vere skriftleg; på papir eller elektronisk.

Innkallinga skal vise tydeleg dei sakene årsmøtet skal behandle. Skal årsmøtet kunne behandle framlegg som etter lova eller vedtektene krev vedtak med to tredels fleirtal, må hovudinnhaldet gjerast kjent i innkallinga.

Saker som ein seksjonseigar ønskjer å ta opp i det ordinære årsmøtet, skal nemnast i innkallinga når styret har mottatt krav om det før fristen etter punkt 7.2. i vedtektene.

7.5. Saker som årsmøtet skal behandle

Årsmøtet skal behandle dei sakene som er melde i innkallinga til møtet.

Det ordinære årsmøtet skal, enten det er meldt eller ikkje, behandle

- a) rekneskapen frå styret for førre kalenderåret og eventuelt godkjenne han
- b) val av styremedlemer

Seinast ei veke før ordinært årsmøte skal rekneskap og eventuell revisjonsmelding sendast ut til alle seksjonseigarar med kjend adresse. Dokumenta skal dessutan vere tilgjengelege i årsmøtet.

7.6. Saker som årsmøtet kan behandle

Bortsett frå saker som ordinært årsmøte skal behandle etter 7.5. andre leddet, kan årsmøtet berre gjere vedtak i saker som er melde i innkallinga til møtet.

Dersom alle seksjonseigarane er til stades på årsmøtet og stemmer for det, kan årsmøtet også gjere vedtak i saker som ikkje står i innkallinga. At saka ikkje er nemnd i innkallinga, hindrar ikkje styret i å kalle inn til nytt årsmøte for å avgjere framlegg som er sette fram i møtet.

7.7. Kven som kan ta del på årsmøtet

Alle seksjonseigarane har rett til å ta del på årsmøtet med forslags-, tale- og stemmerett. Ektefelle, sambuar eller ein annan medlem av husstanden til eigaren av ein bustadseksjon har rett til å vere til stades og til å uttale seg.

Styremedlemer, forretningsførar, revisor og leigar av bustadseksjon har rett til å vere til stades på årsmøtet og til å uttale seg. Styreleiar og forretningsførar har plikt til å vere til stades med mindre det er innlysande unødig eller dei har gyldig forfall.

Ein seksjonseigar kan møte ved fullmektig. Fullmakta kan når som helst kallast tilbake. Seksjonseigaren har rett til å ta med ein rådgivar til årsmøtet. Rådgivaren har berre rett til å uttale seg dersom eit fleirtal på årsmøtet tillet det. Fullmakta kan ikkje angi kva fullmektigen skal stemme.

7.8. Leiing av årsmøtet

Styreleiaren leier årsmøtet med mindre årsmøtet vel ein annan møteleiar. Møteleiararen treng ikkje å vere seksjonseigar.

7.9. Fleirtalskrav ved ulike avgjerder på årsmøtet. Særlege avgrensingar av styringsmakta til årsmøtet.

Vanleg fleirtal:

Årsmøtet gjer vedtak med vanleg fleirtal av dei avgitte stemmene dersom ikkje andre fleirtalskrav er fastsette i lova eller vedtektene. Vedtektene kan ikkje fastsetje strengare fleirtalskrav enn det som er fastsett i lova.

To tredels fleirtal:

Det krevst eit fleirtal på minst to tredelar av dei avgitte stemmene på årsmøtet for å gjere vedtak om

- a) ombygging, påbygging eller andre endringar av bygningane eller tomta som gjeld meir enn vanleg forvaltning og vedlikehald.
- b) omgjering av fellesareal til nye brukseiningar eller utviding av eksisterande brukseiningar.
- c) sal, kjøp, utleige eller leige av fast eigedom, inkludert seksjonar i sameiget som seksjonseigarane eig eller skal eige i fellesskap. Det gjeld også andre rettslege disposisjonar over fast eigedom som går ut over vanleg forvaltning.
- d) samtykke til at føremålet for ei eller fleire brukseiningar blir endra frå bustadføremål til anna føremål eller omvendt.
- e) samtykke til reseksjonering som nemnt i eigarseksjonslova § 20 andre leddet andre punktumet.
- f) endring av vedtektene med mindre lova set strengare krav.

7.10. Fleirtalskrav for særlege bumiljøtiltak

Med vanleg fleirtal av dei avgitte stemmene på årsmøtet gjer ein vedtak om tiltak som heng saman med bu- eller bruksinteressene til seksjonseigarane, og som gjeld meir enn vanleg forvaltning, og som fører med seg økonomisk ansvar eller utlegg for seksjonseigarane i fellesskap på mindre enn fem prosent av dei årlege felleskostnadene. Dersom prosenten er høgare enn fem, krevst det eit fleirtal på minst to tredelar av dei avgitte stemmene på årsmøtet.

Dersom tiltak etter første leddet fører med seg eit samla økonomisk ansvar eller utlegg for enkelte seksjonseigarar på meir enn halvparten av grunnbeløpet i folketrygda, kan ein berre gjennomføre tiltaket dersom desse seksjonseigarane uttrykkeleg seier seg samde.

7.11. Vedtak som krev at alle seksjonseigarane er samde

På årsmøtet eller på eit anna tidspunkt må alle seksjonseigarane uttrykkeleg seie seg samde dersom sameiget skal kunne gjere vedtak om

- a) sal eller bortfeste av heile eller vesentlege delar av eigedomen.
- b) oppløysing av sameiget.
- c) tiltak som fører til ei vesentleg endring av karakteren til sameiget.
- d) tiltak som går ut over bu- eller bruksinteressene til seksjonseigarane, uavhengig av kor stor kostnad tiltaket fører med seg, og uavhengig av kor stort økonomisk ansvar eller utlegg tiltaket fører med seg for dei enkelte seksjonseigarane.

7.12. Utrekning av fleirtal og oppteljing av stemmer på årsmøtet

På årsmøtet har kvar seksjon éi stemme.

Når ein tel opp stemmene, reknar ein blanke stemmer som ikkje avgitte. Står stemmene likt, har framlegget falle.

7.13. Protokoll frå årsmøtet

Møteleiaren har ansvar for at det blir ført protokoll over alle sakene som er behandla, og over alle vedtaka som er gjorde på årsmøtet. Protokollen skal underskrivast av møteleiaren og minst éin seksjonseigar som årsmøtet peikar ut mellom dei som er til stades. Protokollen skal til kvar tid vere tilgjengeleg for seksjonseigarane.

Protokollen skal innehalde namn på alle som er til stades, eventuelt kor mange seksjonseigarar som er representerte ved fullmektig. Han kan også innehalde referat av innlegga på årsmøtet. Ved avstemmingar som krev samtykke frå den det gjeld, bør det gjerast greie for kven som har gitt samtykke.

7.14. Inhabilitet

Ingen kan ta del i ei avstemming om

- a) eit søksmål mot ein sjølv eller mot personar som står ein nær.
- b) ansvar som ein sjølv eller personar som står ein nær, har overfor sameiget.
- c) eit søksmål mot andre eller det ansvaret andre har overfor sameiget dersom eiga interesse i saka er vesentleg og kan stride mot interessene til sameiget.
- d) pålegg eller krav etter eigarseksjonslova § 38 (pålegg om sal) og § 39 (utkasting) som er retta mot ein sjølv eller personar som står ein nær.

Dette gjeld også for den som opptrer ved eller som fullmektig.

8. STYRET

8.1. Plikt til å ha eit styre. Samansetjing av styret

Sameiget skal ha eit styre. Styret skal ha ein leiar. Styret skal ha minst tre og høgst fem medlemmer. Det skal veljast éin varamedlem.

8.2. Val av styret, tenestetid og vederlag

Årsmøtet skal velje styret med vanleg fleirtal av dei avgitte stemmene. Styreleiaren skal veljast særskilt. Berre myndige personar kan vere styremedlemmer.

Styremedlemene gjer teneste i to år dersom ikkje årsmøtet har fastsett noko anna. Årsmøtet skal fastsetje eventuelt vederlag til styremedlemene.

8.3. Styremøte

Styreleiaren skal syte for at styret møtest så ofte som det trengst. Ein styremedlem eller forretningsføraren kan krevje at styret blir kalla saman.

Styreleiaren skal leie styremøtet. Er ikkje styreleiaren til stades, og det ikkje er valt nokon nestleiar, skal styret velje ein møteleiar.

Styret er vedtaksført når meir enn halvparten av alle styremedlemene er til stades.

Vedtak kan gjerast med meir enn halvparten av dei avgitte stemmene. Står stemmene likt, gjer stemma til møteleiaren utslaget. Dei som stemmer for eit vedtak, må likevel utgjere meir enn ein tredel av alle styremedlemene.

Styret skal føre protokoll frå styremøta. Alle dei frammøtte styremedlemene skal underteikne protokollen. Protokollen skal vise tid og stad for møtet, kven som tok del, kven som var møteleiari, kva saker som vart tatt opp, kva som vart vedtatt, og kven som eventuelt stemte mot vedtaka.

Den enkelte seksjonseigaren har ikkje krav på å gå gjennom protokollen.

8.4. Oppgåvene til styret

Styret skal syte for vedlikehald og drift av eigedomen og elles syte for forvaltninga av alt som gjeld sameiget, i samsvar med lov, vedtekter og vedtak på årsmøtet.

8.5. Vedtaksmakta til styret. Mindretalsvern

Styret skal gjere alle vedtak som ikkje lov eller vedtekt legg til andre organ. Slike vedtak som årsmøtet kan gjere med vanleg fleirtal, kan også styret gjere om ikkje anna følgjer av lov, vedtekter eller årsmøtevedtak i det enkelte tilfellet.

Styret kan ikkje gjere vedtak eller handle på ein måte som kan gi nokre seksjonseigarar eller utanforståande ein urimeleg fordel som går ut over andre seksjonseigarar.

8.6. Inhabilitet

Ein styremedlem kan ikkje vere med å behandle eller avgjere ei sak der medlemen sjølv eller personar som står han nær, har ei personleg eller økonomisk særinteresse.

8.7. Representasjonretten og ansvaret til styret

Styret har rett til å representere seksjonseigarane og forplikte dei med underskrifta si i saker som gjeld felles rettar og plikter for seksjonseigarane. Dette omfattar å gjennomføre vedtak frå årsmøtet eller styret, og rettar og plikter som elles gjeld fellesareal og fast eigedom. Styret kan også gjere gjeldande krav som seksjonseigarane har mot utbyggjaren dersom kravet knyter seg til at fellesareala har manglar eller blir forseinka ferdigstilte.

Signatur: to styremedlemer i fellesskap

Prokura: styret kan gi prokura

9. FORRETNINGSFØRAR

9.1. Tilsetjing eller engasjement av forretningsfører

Med vanleg fleirtal kan årsmøtet vedta at sameiget skal ha ein forretningsfører.

Styret har til oppgåve å tilsetje eller engasjere forretningsfører og andre funksjonærar, gi instruks for dei, fastsetje løna eller godtgjersla deira, føre tilsyn med at dei fyller pliktene sine, og å avslutte engasjementet.

I saker som gjeld vanleg forvaltning og vedlikehald kan forretningsføraren representere sameigarane.

9.2. Inhabilitet

Forretningsføraren kan ikkje vere med å behandle eller avgjere ei sak der forretningsføraren sjølv eller personar som står han nær, har ei framstående personleg eller økonomisk særinteresse.

10. REKNESKAP OG REVISJON

10.1. Plikt til å føre rekneskap

Styret skal syte for ordentleg og tilstrekkeleg rekneskapsføring. Styret skal leggje fram rekneskapan for det førre kalenderåret på det ordinære årsmøtet.

Styret syter for at det blir ført rekneskap og utarbeidd årsrekneskap i samsvar med reglane som er gitt i eller med heimel i rekneskapslova.

10.2. Plikt til å ha revisor

Sameiget skal ha statsautorisert eller registrert revisor.

Årsmøtet vel revisor. Revisoren gjer teneste inntil annan revisor er vald.

Når sameiget har statsautorisert eller registrert revisor, gjeld reglane i revisorlova så langt dei høver.

11. FORHOLDET TIL «LOV OM EIERSEKSJONER»

Dersom ikkje anna følgjer av desse vedtektene, gjeld reglane i «Lov om eierseksjoner» av 16. juni 2017 nr.65